

Luster Sparebank



**Kvartalsrapport**

**pr. 31.03.2018**

## KVARTALSRAPPORT PR. 31.03.2018

### Revisjon

Luster Sparebank sitt rekneskap pr. 31.03.2018 er ikkje revidert.

### Resultat

Banken har pr. 31.03.2018 oppnådd ein rentenetto på 13,7 mill. kr. Rentenettoen utgjer i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital (gfk) 1,60 %. På same tidspunkt i fjor var rentenettoen 13,9 mill. kr og i prosent av gfk 1,73 %. Rentenettoen i kr har gått ned med 0,2 mill. kr siste året. Rentenettoen i prosent har gått ned med 0,13 %. Det er reduksjon i Luster Sparebank sine utlånsrenter som er den viktigaste forklaringen til nedgangen i rentenettoen. Årsaka til reduksjonen i utlånsrenter er konkuransen i marknaden. Luster Sparebank har plassert likviditetsportefølja i rentefond. Avkastninga på rentefond blir i rekneskapet klassifisert som utbytte. Dette bør ein vere klar over ved samanlikning av rentenettoen i Luster Sparebank med rentenettoen i andre bankar.

Netto andre driftsinntekter pr. 31.03.2018 er på kr 3,3 mill. og er med dette på same nivå som i fjor.

Sum driftskostnader har auka med kr 0,9 mill. i forhold til dei tre første månadane i 2017.

Personalkostnader har auka som følge av auke i årsverk og lønstillegg.

Auken i administrasjonskostnader kjem av at det er påkomme eingangspostar i første kvartal 2018.

Driftsresultat før tap og skatt er på kr 6,5 mill. som er kr 1,1 mill. dårlegare enn på same tidspunkt i fjor.

Tap på utlån og garantiar er inntektsført med kr 0,2 mill. På same tidspunkt i fjor var tap berekna til kr 1,4 mill. Etter skatt blir resultatet for perioden kr 5,1 mill. mot kr 4,7 mill. på same tidspunkt i fjor. Låge tap så langt i år veg opp for lågare rentenetto og høgare driftskostnader.

### Balansen

Banken sin forvaltningskapital pr. 31.03.2018 var på kr 3.496,0 mill. Veksten siste året er på kr 193,4 mill. ( 5,9 %). Forretningskapital som også inkluderer lån overført til Verd Boligkreditt AS, er pr. 31.03.2018 på kr 4.095,1 mill. Veksten i forretningskapital siste året er på kr 281,5 mill. eller 7,38 %.

Utlån til kundar på eigen balanse er bokført med kr 2.851,3 mill. Veksten siste året er på kr 124,6 mill. eller 4,6 %. Utanfor balansen har banken pr. 31.03.2018 overført kr 599,2 mill. til Verd Boligkreditt AS. På same tidspunkt i fjor hadde banken overført kr 510,8 mill. Samla utlån inkludert overførte lån til Verd Boligkreditt AS har dermed siste året auka med kr 213,0 mill. eller 6,6 %. Utlånsvolum på eigen balanse pr. 31.03.18 var fordelt med 26,5 % på næring og 73,5 % på personmarknad og offentleg sektor. På same tidspunkt i fjor var fordelinga 25,5 % på næring og 74,5 % på personmarknad og offentleg sektor.

Innskot frå kundar er bokført med kr 2.466,5 mill. Veksten siste året er på kr 94,3 mill. eller 4,0 %.

Banken har langsiktig lånt inn kr 180 mill. frå Kredittforeningen for Sparebanker. Banken har teke opp obligasjonslån for kr 374,98 mill. Låneavtalane har restløpetid på mellom 2 månader og 4,8 år. Banken si innskotsdekning er 86,5 %. I dette nøkkeltalet er lån overført til bustadkredittselskap halde utanfor.

### Misleghald, tapsnedskrivningar og tap

Misleghaldne og tapsutsette utlån utgjer kr 30,4 mill. kr. pr. 31.03.2018. Dette er ein reduksjon på kr 3,6 mill. samanlikna med same tidspunkt i fjor. Samla tapsnedskrivningar er redusert med 1,1 mill. kr siste år.

Nedskrivning på grupper har auka og nedskrivning på enkeltengasjement har gått ned samanlikna med same tidspunkt i fjor.

Luster Sparebank har ein nøktern risikoprofil i si kredittgjeving og andre plasseringar. Banken har i denne perioden ikkje endra denne profilen

### Kapitaldekning

Luster Sparebank nyttar standardmetoden for kredittisiko og basismetoden for operasjonell risiko.

Pr 31.03.2018 er banken sin kapitaldekning berekna til å vere på 19,86 % som er 0,24 % lågare enn på same tidspunkt i fjor. Banken sin ansvarlege kapital er rein kjernekapital.

Perioderesultat så langt i år er ikkje teke med i utrekning av kapitaldekning då rekneskapet ikkje er revidert. Dersom banken sitt resultat pr. 31.03.2018 hadde vore inkludert i ansvarleg kapital, hadde kapitaldekninga vore på 20,12 %

**Utsiktene for resten av året**

Luster Sparebank sitt resultatrekneskap er godt. Likviditeten er god. Banken har god kapitaldekning. Utlånsveksten inkludert lån overført til Verd Boligkreditt AS for dei første tre månadane av 2018 er på 1,38 %. Styret er tilfreds med utviklinga dei tre første månadane av 2018.

**Gaupne, 20.04.2018**

**I styret for Luster Sparebank**

  
Bjarne Venjum  
styreleiar

  
Ove Nyland

  
Randi Kristin Bugge

  
Anette Stegegjerdet Norberg

  
Inge Teigen

  
Oddstein Haugen  
banksjef

**RESULTATREKNESKAP**

(Tal i heile 1.000)

	<b>31.03.18</b>	<b>31.03.17</b>	<b>31.12.17</b>
Renteinntekter og liknande inntekter	22.383	22.253	88.676
Rentekostnader og liknande kostnader	8.726	8.319	33.566
<b>Netto rente og provisjonsinntekter</b>	<b>13.657</b>	<b>13.934</b>	<b>55.110</b>
Utbytte og andre inntekter av verdipapir med variabel avkastning	584	411	7.534
Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester	2.578	2.773	12.756
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester	-284	-361	-1.338
Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og verdipapir som er omløpsmidler	123	139	362
Andre driftsinntekter	312	312	1.262
<b>Netto andre driftsinntekter</b>	<b>3.313</b>	<b>3.274</b>	<b>20.576</b>
Personalkostnader	5.338	4.896	19.410
Administrasjonskostnader	3.574	2.873	12.013
Ordinære avskrivningar	405	649	1.561
Andre driftskostnader	1.109	1.121	3.598
<b>Sum driftskostnader</b>	<b>10.426</b>	<b>9.539</b>	<b>36.582</b>
<b>Driftsresultat før tap og skatt</b>	<b>6.544</b>	<b>7.669</b>	<b>39.104</b>
Tap på utlån, garantiar m.v.	-244	1.367	2.314
Netto tap/vinst anleggsaksjar	0	0	-4.902
<b>Resultat av ordinær drift før skatt</b>	<b>6.788</b>	<b>6.303</b>	<b>41.692</b>
Skatt på ordinær resultat	1.697	1.576	8.844
<b>Resultat av ordinær etter skatt</b>	<b>5.091</b>	<b>4.727</b>	<b>32.848</b>

## BALANSE

(Tal i heile 1.000)

EIGENDELER	31.03.18	31.03.17	31.12.17
Kontantar og fordringar på Norges Bank	50.005	44.130	69.200
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	157.768	234.586	136.805
- Utlån til og fordringar på kundar	2.851.257	2.726.647	2.826.475
- nedskrivingar på individuelle utlån	-3.941	-5.663	-4.150
- Nedskrivingar på grupper av utlån	-18.100	-17.500	-18.300
Sum netto utlån til og fordringar på kundar	2.829.216	2.703.484	2.804.025
Sertifikater, obligasjonar og andre rentebærande verdipapir	20.143	12.800	20.143
Aksjar og andre verdipapir med variabel avkastning	395.736	261.274	348.026
Utsett skattefordel	5.488	4.943	5.488
Varige driftsmidlar	5.968	6.726	6.291
Andre eigendeler	1.270	10.001	20.169
Forskotsbetalte kostnader og opptente inntekter	30.370	24.876	8.246
<b>SUM EIGENDELER</b>	<b>3.495.964</b>	<b>3.302.820</b>	<b>3.418.393</b>
<b>GJELD OG EIGENKAPITAL</b>			
Gjeld til kredittinstitusjonar	180.000	175.000	180.000
Innskot frå og gjeld til kundar	2.466.454	2.372.149	2.450.698
Gjeld stifta ved å utstede verdipapir	374.985	309.590	319.987
Anna gjeld	12.212	13.704	15.684
Påløpte kostnader og mottekne ikkje opptjente inntekter	13.406	14.954	8.207
Avsetning for påløpte kostnader og forpliktingar	14.306	13.035	14.307
Sum gjeld	3.061.363	2.898.432	2.988.883
Sparebankens fond	410.810	382.761	410.810
Gåvefond	18.700	16.900	18.700
Udisponert overskot	5.091	4.727	0
Sum egenkapital	434.601	404.388	429.510
<b>SUM GJELD OG EIGENKAPITAL</b>	<b>3.495.964</b>	<b>3.302.820</b>	<b>3.418.393</b>
Garantiansvar	38.932	36.392	41.733
Pantsetjingar	50.652	50.331	50.665
Lån overført til Verd Boligkreditt AS	599.182	510.806	576.881
Gjennomsnitleg forvaltningskapital	3.457.133	3.272.383	3.330.170

## RESULTATANALYSE

(i prosent av gjennomsnittlig forvaltningskapital)

	31.03.18	31.03.17	31.12.17
Renteinntekter og liknande inntekter	2,63 %	2,77 %	2,66 %
Rentekostnader og liknande kostnader	1,02 %	1,03 %	1,01 %
<b>Netto rente og provisjonsinntekter</b>	<b>1,60 %</b>	<b>1,73 %</b>	<b>1,65 %</b>
Utbytte og andre inntekter av verdipapir med variabel avkastning	0,07 %	0,05 %	0,23 %
Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester	0,30 %	0,34 %	0,38 %
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester	-0,03 %	-0,04 %	-0,04 %
Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og verdipapir som er omløpsmidler	0,01 %	0,02 %	0,01 %
Andre driftsinntekter	0,04 %	0,04 %	0,04 %
<b>Netto andre driftsinntekter</b>	<b>0,39 %</b>	<b>0,41 %</b>	<b>0,62 %</b>
Personalkostnader	0,63 %	0,61 %	0,58 %
Administrasjonskostnader	0,42 %	0,36 %	0,36 %
Ordinære avskrivningar	0,05 %	0,08 %	0,05 %
Andre driftskostnader	0,13 %	0,14 %	0,11 %
<b>Sum driftskostnader</b>	<b>1,22 %</b>	<b>1,19 %</b>	<b>1,10 %</b>
<b>Driftsresultat før tap og skatt</b>	<b>0,77 %</b>	<b>0,95 %</b>	<b>1,17 %</b>
Tap på utlån, garantiar m.v.	-0,03 %	0,17 %	0,07 %
Netto tap/vinst anleggsaksjar	0,00 %	0,00 %	-0,15 %
<b>Resultat av ordinær drift før skatt</b>	<b>0,80 %</b>	<b>0,78 %</b>	<b>1,25 %</b>
Skatt på ordinær resultat	0,20 %	0,20 %	0,27 %
<b>Resultat av ordinær etter skatt</b>	<b>0,60 %</b>	<b>0,59 %</b>	<b>0,99 %</b>

**TAP, TAPSNEDSKRIVINGAR OG MISLEGHALD**

(tal i heile 1.000)

	31.03.18	31.03.17	31.12.17
<b>Tap på utlån og garantiar</b>			
Endring individuelle nedskrivningar inkludert amortisering	-186	395	-750
Endring i nedskrivning på grupper av lån	-200	-100	700
Konstaterte tap i perioden med tidlegare nedskrivning	84	367	934
Konstaterte tap i perioden utan tidlegare nedskrivning	84	718	1.413
Inngang på tidligare konstaterte tap	-26	-13	-109
<b>Netto kostnadsført vedk. tap på utlån</b>	<b>-244</b>	<b>1.367</b>	<b>2.188</b>
Endring i individuelle tapsnedskrivningar på garantiar	0	0	126
<b>Tap på utlån, garantiar m.v.</b>	<b>-244</b>	<b>1.367</b>	<b>2.314</b>

**Misleghaldne engasjement**

Brutto misleghaldne engasjement over 90 dagar	26.920	26.826	28.557
- individuelle tapsnedskrivningar	-3.247	-4.571	-3.440
<b>Netto misleghaldne engasjement</b>	<b>23.673</b>	<b>22.255</b>	<b>25.117</b>

**Tapsutsette engasjement**

Brutto tapsutsette engasjement	3.511	7.170	3.540
- individuelle tapsnedskrivningar	-694	-1.092	-710
<b>Netto tapsutsette engasjement</b>	<b>2.817</b>	<b>6.078</b>	<b>2.830</b>

**ANSVARLEG KAPITAL OG KAPITALKRAV**

(tal i heile 1.000)

	31.03.18	31.03.17	31.12.17
Sparebankenes fond	410.810	382.761	410.810
Gåvefond	18.700	16.900	18.700
-Frådrag	-37.669	-26.484	-25.364
<b>Sum ansvarleg kapital (rein kjernekapital)</b>	<b>391.841</b>	<b>373.177</b>	<b>404.146</b>

**Engasjementskategoriar (vekta beløp)**

Statar og sentralbankar	0	0	0
Lokale og regionale myndigheiter (herunder kommunar)	9.726	17.624	4.691
Offentleg eigde foretak		3.897	15.577
Institusjonar	37.686	46.445	26.617
Foretak	104.720	103.857	107.338
Engasjement med pantetrygd i eigedom	1.476.608	1.364.390	1.435.038
Forfalte engasjementer	38.158	32.654	45.067
Obligasjonar med fortrinnsrett	8.889	4.869	8.889
Andeler i verdipapirfond	46.685	20.813	38.685
Eigenkapitalposisjonar	80.242	76.571	77.250
Øvrige engasjement	32.714	52.529	44.756
<b>Berekningsgrunnlag kredittrisiko</b>	<b>1.835.428</b>	<b>1.723.649</b>	<b>1.803.908</b>

**Berekningsgrunnlag operasjonell risiko**

<b>Berekningsgrunnlag operasjonell risiko</b>	<b>137.181</b>	<b>132.834</b>	<b>137.180</b>
<b>Sum berekningsgrunnlag</b>	<b>1.972.609</b>	<b>1.856.483</b>	<b>1.941.088</b>

**Kapitaldekning**

<b>Rein kjernekapital i % av sum berekningsgrunnlag</b>	<b>19,86 %</b>	<b>20,10 %</b>	<b>20,82 %</b>
---	----------------	----------------	----------------

**Krav til kapital**

Minimumskrav til ansvarleg kapital 8 % av sum berekningsgrunnlag	157.809	148.519	155.287
--	---------	---------	---------

Ansvarleg kapital	391.841	373.177	404.146
-------------------	---------	---------	---------

<b>Overskot av ansvarleg kapital</b>	<b>234.032</b>	<b>224.658</b>	<b>248.859</b>
--------------------------------------	----------------	----------------	----------------

<b>Herav rein kjernekapital som kan dekke bufferkrav</b>	<b>234.032</b>	<b>224.658</b>	<b>248.859</b>
--	----------------	----------------	----------------

**Bufferkrav**

Bevaringsbuffer 2,5 %	49.315	46.412	48.527
-----------------------	--------	--------	--------

Systemrisikobuffer 3 %	59.178	55.694	58.233
------------------------	--------	--------	--------

Motsyklisk buffer 2 % (1,5 % 31.03.17)	29.589	27.847	38.822
--	--------	--------	--------

<b>Sum bufferkrav</b>	<b>138.083</b>	<b>129.954</b>	<b>145.582</b>
-----------------------	----------------	----------------	----------------

<b>Overskot rein kjernekapital</b>	<b>95.950</b>	<b>94.705</b>	<b>103.277</b>
------------------------------------	---------------	---------------	----------------

**LIKVIDITET**

	<b>31.03.18</b>	<b>31.03.17</b>	<b>31.12.17</b>
--	-----------------	-----------------	-----------------

Liquidity Coverage Ratio (LCR)	131,0 %	101,0 %	113,0 %
--------------------------------	---------	---------	---------